

**KORT OMTALE AV PROSJEKT SOM HAR FÅTT TILDELTE
KVALITETSUTVIKLINGSMIDLAR i 2012**

Skjemaet skal brukast som informasjon til nettstaden om kvalitetssatsinga i Helse Vest

Prosjektnamn

”Ny start - eit pilotprosjekt for utviklingshemma med overvekt”

Prosjekteigar (helseforetak/avdeling/eining som er ansvarleg for prosjektet)

Helse Bergen HF/ReHabiliteringsklinikken/Habiliteringstenesta for vaksne (HAVO)

Prosjektleder (kontaktperson)

Fagkonsulent/spesialergoterapeut Olaug Laukeland

Bakgrunn for prosjektet/hovudpunkt

Kvifor blei prosjektet starta?

Habiliteringstenesta for vaksne har i auka grad registrert at personar med utviklingshemning har overvektsproblematikk. Overvekt/fedme er ein stor utfordring i denne gruppa. Årsaka er som hos andre, usunn kost og lite fysisk aktivitet. Utfordringane for utviklingshemma er vansker med å forstå og lære, noko som medfører at det kan være vanskelig å forstå konsekvensar av egne valg og følgje tilrådingar i fht. kost og aktivitet. Eksisterande behandlingstilbod for personar med overvekt er ikkje tilpassa denne målgruppa. Habiliteringstenesta har gjennom fleire år arrangert livsstilskurs ute i kommunane, men ser behov for å utvikle eit meir intensivt opplegg.

Mål for prosjektet

Kva for forbetring håper de at prosjektet skal føre til?

Målsettinga for pasientane er start på ein prosess for å oppnå langsiktig reduksjon av risikofaktorar, der fokus vil være endring til ein sunnare livsstil med vekt på meistring, atferdsendring, kosthald og fysisk aktivitet.

For HAVO vil også formålet være fagutvikling på eit felt med mangelfullt tilbod i dag.

Metodisk tilnærming / evaluering av effekt

Kva skal gjerast og korleis skal effekten av tiltaket målast?

Vi planlegg eit 4 vekers opphald i vår døgnavdeling, der fire personar med lett utviklingshemning skal få tilbod om ein «Ny start». Personane må ha ein BMI over 30 og være mest moglig sjølvstendig innan ADL-ferdigheter. Under opphaldet vil vi ha fokus på trening, ernæring og meistringsteori. Opphaldet skal organiserast og gjennomførast av eit tverrfagleg team bestående av lege, klinisk ernæringsfysiolog, vernepleiarar, hjelpepleiarar og ergoterapeut.

Etter avslutta opphald vil det utarbeidast ei epikrise som inneheld rapport med råd om kosthold og aktivitetar, samt måloppnåelse og konkrete tiltak som skal følgjast opp lokalt. For at personane skal vidareføre sin nye kunnskap blir det viktig at nærpersonane og tenesteyterane blir informert om innhaldet i opphaldet. Difor vil vi invitere desse personane til egne møter undervegs i opphaldet.

Etter opphaldet på 4 veker vil det bli utarbeida ein oppfølgingsplan som tilseier at personane skal ha veiledning frå ein kontaktperson i Habiliteringstenesta 5 - 7 gonger i løpet av dei neste 10 månadane. Etter desse 10 månadane vil deltakerane i prosjektet bli kalla inn til eit avsluttande møte der effekten av prosjektet vil bli måla.

Metodisk tilnærming

- Bruke gruppetilnærming i kombinasjon med individuell oppfølging
- Samarbeid med pasienten sine nærpersonar (pårørande/tenesteytarar)
- Helsepedagogikk/endingsteori
- COPM (Canadian Occupational Performance Measure)
- Sosial- og Helsedirektoratets anbefalingar som retningslinjer for ernæring og fysisk aktivitet

Evaluering av effekt

Pasientane gjennomfører ei kartlegging før og ved avslutning av intensiv periode (døgnopphald) – samt ved oppfølging i ein periode på 10 månadar. Aktuelle målingar: BMI, kosthald, fysisk aktivitet og oppleving av meistring (COPM).

Planlagt bruk av resultat i eiga eining (implementering i drift m. v.)

Vi vil vurdere om Habileringsstenesta skal vidareutvikle dette tilrettelagte behandlingstilbudet, med tanke på definert pasientgruppe og andre av våre pasientgrupper med overvektspromblematikk. I tillegg vil nye arbeids- og tilnæringsmetodar kunne nyttast ved individuell oppfølging.

Overføringsverdi / overføring av kunnskap til andre einingar i regionen

Fagtidsskrift, vitenskapleg artikkel, presentasjon på fagdagar, konferansar osv

Med dette prosjektet vil vi utvikle eit tilpassa tilbud for ei pasientgruppe som fell utanfor dei vanlege behandlingstilbuda. I tråd med Samhandlingsreforma legg vi stor vekt på samarbeid og overføring av kompetanse til 1.linjetenesta. Resultata frå prosjektet kan nyttast av andre som ønskjer å utvikle liknande tilbud til denne målgruppa.

Vi tar sikte på å publisere resultatet frå prosjektet i fagtidsskrifter, på nettsider og evt. på konferansar.

Oppstarttidspunkt (planlagt)

08.08.2012

Sluttidspunkt (planlagt)

31.12.2013